

Saknummer: 09/990
Løpenummer: 5232/09
Arkivkode: 033 &17
Saksbehandlar: Harald Haugejorden

MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
53/09	Kommunestyret	12.11.2009

SKRIV OG MELDINGAR

Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.

Særutskrift sendt til:

-

Oversyn over framlagde skriv og meldingar:

1. Vidare satsing på breiband – skriv frå Sogn og Fjordane fylkeskommune v/Regionalavdelinga, datert 26.10.09
2. Møtebok frå kontrollutvalet 10.09.09
3. Møteplan 2010 for politiske organ i Gulen kommune (framlegg)

Behandling og vedtak i Kommunestyret, 12.11.2009:

Nye skriv:

Nr 4: Ny forskrift om finansforvaltning – skriv frå KRD, datert 23.09.09

Merknader:

Ingen.

Saknummer: 09/858
Løpenummer: 5233/09
Arkivkode: 255 U64
Saksbehandlar: Martin W. Kulild

MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
48/09	Formannskapet	01.10.2009
54/09	Kommunestyret	12.11.2009

INVITASJON TIL AKSJETEIKNING I VISIT FJORD KYSTEN AS.

Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.

Særutskrift sendt til:

- Visit FjordKysten AS, Pb 93, 6701 Florø
- Stiftinga Jensbua, Postboks 124, 6961 Dale i Sunnfjord

Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:

Sakstilfang:

Utsende vedlegg:

- Invitasjon til aksjeteikning i Visit FjordKysten AS
- Prospekt for teikning av aksjar og marknadsavtaler i Visit FjordKysten AS
- Brev frå Stiftinga Jensbua, datert 09.09.09

Saksutgreiing:

Gulen kommune er i brev av 11.09.09 invitert til å teikne aksjar i Visit Fjordysten A/S. Det er lagt opp til at kommunane teiknar aksar i same innbyrdes prosentdel som dagens avtale om tilskot til reiselivsutvikling.

Bakgrunn for oppretting av selskapet: (frå prospektet)

”Ambisjonane for selskapet er å marknadsføre området på best mogleg måte slik at ein får trafikkauke og aukar inntektsgrunnlaget for reiselivsverksemdene. I tillegg har ein ambisjonar om å drive koordinerande regional produktutvikling der dette er naturleg, og vere eit kompetansemiljø for marknadsstilpassa lokal produktutvikling gjennom dei lokale reisemålsselskapa/næringselskapa. Visit FjordKysten AS skal ha som mål å auke kvaliteten i alle ledd, og skal prioritere produkt som kan tingast online.

Visit FjordKysten AS skal arbeide for ei god og berekraftig utvikling av reisemålet der sesongforlenging skal gjere det attraktivt å drive næring innan reiseliv, og der auka reiselivstrafikk bidreg positivt til utvikling av lokalsamfunna.”

Når det gjeld nærare om forretningside, vedtekter, rollefordeling, arbeidsoppgåver, strategiar og konsept, sjå vedlagt prospekt.

Administrasjonen meiner det er viktig at kommunen går inn som aksjonær i Visit Fjordkysten A/S. Dette vil vere med på å sikre ein profesjonell og heilskapeleg marknadsføring av reiselivet i regionen. Kysten frå Gulen til Bremanger, som evt vil inngå i selskapet, er i reiselivssamanheng eit naturleg geografisk område for eit slikt regionalt samarbeid.

Administrasjonen gjer framlegg om å finansiere kjøp av aksjar ved å nytte næringsfondet.

Framlegg til vedtak:

1. Gulen kommune teiknar seg for 65 aksjar a kr 500,-, til saman kr 32 500,- i Visit Fjordkysten AS.
2. Tilskotet (kjøp av aksjar) belastast næringsfondet.
3. Teikninga forutsett at dei inviterte kommunane teiknar for til saman minimum kr 200.000,- .

Behandling og vedtak i Formannskapet, 01.10.2009:

Røysting:

Samrøystes.

Vedtak:

1. Gulen kommune teiknar seg for 65 aksjar a kr 500,-, til saman kr 32 500,- i Visit Fjordkysten AS.
2. Tilskotet (kjøp av aksjar) belastast næringsfondet.
3. Teikninga forutsett at dei inviterte kommunane teiknar for til saman minimum kr 200.000,- .

Saknummer: 09/909
Løpenummer: 5234/09
Arkivkode: 026
Saksbehandlar: Martin W. Kulild

MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
52/09	Formannskapet	29.10.2009
55/09	Kommunestyret	12.11.2009

FRAMTIDIG ORGANISERING AV INTERKOMMUNALT SAMARBEID I NORDHORDLANDSREGIONEN.

Kommunestyre har endeleg avgjerdsmynde i saka.

Særutskrift sendt til:

- Regionrådet Nordhordland IKS, Postboks 13, 5902 ISDALSTØ

Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:

Sakstilfang:

Utsende vedlegg:

- Vedtekter for Regionrådet Nordhordland, gjeldande frå 01.01.2012
- Selskapsavtale for Nordhordland Utviklingsselskap IKS
- Framlegg til sams vedtak i eigarkommunane

Ikkje utsende vedlegg:

-

Saksutgreiing:

Regionrådet Nordhordland IKS ber eigarkommunane innan utgangen av 2009 handsama sak om framtidig organisering av interkommunalt samarbeid i Nordhordlandsregionen.

Oppsummering

Her følgjer ei oppsummering med dei siste vedtak som er gjort i saka.

Representantskapet i Regionrådet Nordhordland IKS gjorde slikt samtøystes vedtak 17. april 09:

- 1. Representantskapet vedtar strategiplanen for det interkommunale samarbeid i Nordhordland og ber om at den vert følgd opp med årlege handlingsprogram.*
- 2. Representantskapet gjev prinsipiell tilslutning til oppretting av selskapet Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) som eit framhald av Regionrådet Nordhordland IKS.*
- 3. Representantskapet gjev prinsipiell tilslutning til oppretting av selskapet Regionrådet Nordhordland (RNH) som regionen sitt politiske organ.*

4. Representantskapet ber styret senda vedtaka i pkt. 2 og 3 til medlemskommunane med tilråding om etablering av dei to selskapa med verknad frå ny kommunestyreperiode i 2011.”

Styret i Regionrådet Nordhordland IKS handsama saka slik i møte 12. juni d.å.:

Sak 25/09 Strategisk plan og ny organisering av interkommunalt samarbeid i Nordhordlandsregionen – vidare arbeid

Det gjenstår ein del arbeid med gjennomgåing av vedtektene for selskapa og redigering/korrekturlesing av desse. Likeins bør det lagast eit forslag til likelydande vedtak i samtlige eigarkommunar slik at vi stettar formelle krav etter lov om interkommunale selskap. Det er tidlegare oppretta ei arbeidsgruppe for strategiplanprosjektet (Håkon Matre, Kari F. Aakre, Kristin Handeland, Helge Thorsen og Jostein Skråmestø). Denne arbeidsgruppa får i oppdrag å følgja opp det som må gjerast før saka går ut til kommunane. Styret vil signalisera til arbeidsgruppa at representantar i det politiske organet kan vera ordførarane, og ber arbeidsgruppa gjera framlegg om endeleg namn når saka vert sendt attende til styret.

Samrøystes vedtak:

1. Styret ber administrasjonen å leggja fram for styret utkast til handlingsplan 2010 for Regionrådet Nordhordland IKS innan oktober 2009.
 2. Den tidlegare oppnemnde arbeidsgruppa for strategiplanarbeidet får i oppdrag å førebu sak om ny organisering av det interkommunale samarbeidet, herunder etablering av Nordhordland Utviklingsselskap IKS og Regionrådet Nordhordland/Nordhordland Strategiforum.
 3. Administrasjonen vert beden om å førebu ei samling i Nordhordlandstinget i tilknytning til ordinært møte i representantskapet 2. halvår 2009.
- Arbeidsgruppa, kfr. pkt. 2 i ovennevnte vedtak hadde møte 12. august d.å. og konkluderte slik:
"Referat etter møte 12. august 2009 i arbeidsgruppa for ny organisering av interkommunalt samarbeid i Nordhordland.

Tilstades: Håkon Matre, Kari Foseid Aakre, Kristin Handeland, Helge Thorsen og Jostein Skråmestø.

Sak 1. Det politiske organ

Arbeidsgruppa vil gjera framlegg om å bruka namnet Regionrådet Nordhordland.

Likeins gjer arbeidsgruppa framlegg om at Regionrådet Nordhordland skal vera ordførarane i medlemskommunane med varaordførarane som varamedlemer.

Sak 2. Vedtektene

Arbeidsgruppa gjekk gjennom vedtektene for det politiske forum og for det framtidige interkommunale selskapet og ajourførte vedtektene der det var naudsynleg.

Sak 3. Vidare arbeid

Det vert laga ei sak til neste styremøte i Regionrådet Nordhordland IKS, 28. august 09.

Jostein lagar saksutgreiing med oppsummering av saka, arbeidsgruppa sitt framlegg til vedtekter for begge selskap, og framlegg til vedtak i styret.

Når styret har gjort endeleg vedtak vert saka sendt medlemskommunane med tilråding om etablering av dei to selskapa, kfr. pkt. 4 i representantskapet sitt samrøystes vedtak av 17. april d.å.:

1. Representantskapet vedtar strategiplanen for det interkommunale samarbeid i Nordhordland og ber om at den vert følgd opp med årlege handlingsprogram.
2. Representantskapet gjev prinsipiell tilslutning til oppretting av selskapet Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) som eit framhald av Regionrådet Nordhordland IKS.
3. Representantskapet gjev prinsipiell tilslutning til oppretting av selskapet Regionrådet Nordhordland (RNH) som regionen sitt politiske organ.
4. Representantskapet ber styret senda vedtaka i pkt. 2 og 3 til medlemskommunane med tilråding om etablering av dei to selskapa med verknad frå ny kommunestyreperiode i 2011.

Det er viktig at kommunane deretter gjer likelydande vedtak i saka, slik at vi stettar formelle krav etter lov om interkommunale selskap.

Helge lagar utkast til slikt felles kommunalt vedtak. Utkastet vert å leggja fram for styret 28. d.m. og under føresetnad av styret sin tilslutning vert utkast til felles kommunestyrevedtak sendt ut til kommunane saman med saksdokumenta forøvrig i september d.å.

J. Skråmestø (sign.)”

Styret i Regionrådet Nordhordland IKS gjorde deretter slikt samrøystes endeleg vedtak 28.08.09:

- 1. Styret i Regionrådet Nordhordland IKS tilrår eigarkommunane å godkjenna at det interkommunale samarbeidet, som er organisert gjennom selskapet, vert vidare utvikla ved å skilja utviklingsoppgåver og driftsoppgåver i to ulike organ: Regionrådet Nordhordland og Nordhordland Utviklingsselskap IKS.*
- 2. Styret i Regionrådet Nordhordland IKS tilrår eigarkommunane å godkjenna vedlagte vedtekter for Regionrådet Nordhordland.*
- 3. Styret i Regionrådet Nordhordland IKS tilrår eigarkommunane å godkjenna vedlagte selskapsavtale for Nordhordland Utviklingsselskap IKS.*
- 4. Styret i Regionrådet Nordhordland IKS tilrår eigarkommunane å godkjenna at omorganiseringa av det interkommunale samarbeidet vert gjort gjeldande frå 01.01.2012.*
- 5. Styret i Regionrådet Nordhordland IKS tilrår at eigarkommunane nyttar vedlagte framlegg til sams vedtak i kommunestyra.*

Administrasjonen gjer spesielt merksam på at ordlyden i vedtektene og i selskapsavtalen for Nordhordland Utviklingsselskap IKS må vedtakast likt i alle kommunane. Endringar i ein av kommunane vil medføre ny handsaming i alle dei øvrige kommunar. Framlegg til sams vedtak i alle kommunar fylgjer som vedlegg 3.

Framlegg til vedtak:

1. "Kommunestyret godkjenner at det interkommunale samarbeidet som er organisert gjennom Regionrådet i Nordhordland IKS, vert vidare utvikla ved å skilja driftsoppgåver og utviklingsoppgåver i to ulike organ:

I: Regionrådet Nordhordland (RNH)

Dette er eit politisk samarbeidsråd som er etablert på fritt grunnlag utan eigen økonomi og som ikkje er ei eige juridisk eining.

Ansvarsområdet er vidareutvikling av regionen næringsmessig, sosialt og kulturelt.

Rådet er samansett av ordførarane i samarbeidskommunane og der rådmenn/administrasjonssjefar og dagleg leiar i Nordhordland Utviklingsselskap IKS har møte og talerett.

Det er utarbeidd vedtekter for rådet (sjå vedlegg 1)

II: Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI)

Selskapet førar vidare den økonomiske og administrative verksemda til tidlegare Regionrådet Nordhordland IKS, og er organisert i samsvar med Lov om interkommunale selskap.

NUI er ei eigen juridisk eining, der representantskapet, som er samansett av ordførarane i eigarkommunane, er øvste organ. Styret er på 3 medlemar og er sett saman av rådmenn, administrasjonssjefar og ass. rådmenn frå eigarkommunane.

Det er utarbeidd selskapsavtale for NUI. (sjå vedlegg 2)

2. Kommunestyret godkjenner:

”Vedtekter for Regionrådet Nordhordland” (RNH) og
”Selskapsavtale for Nordhordland Utviklingselskap IKS” (NUI), i samsvar med tilråding frå styret i Regionrådet i Nordhordland IKS i møte 28.08.09 sak 32/09.

3. Kommunestyret godkjenner at omorganiseringa av Regionrådet for Nordhordland IKS, vert gjort gjeldande frå 01. januar 2012.”

Behandling og vedtak i Formannskapet, 29.10.2009:

Røysting:

Samrøystes.

Vedtak:

1. ”Kommunestyret godkjenner at det interkommunale samarbeidet som er organisert gjennom Regionrådet i Nordhordland IKS, vert vidare utvikla ved å skilja driftsoppgåver og utviklingsoppgåver i to ulike organ:

I: Regionrådet Nordhordland (RNH)

Dette er eit politisk samarbeidsråd som er etablert på fritt grunnlag utan eigen økonomi og som ikkje er ei eige juridisk eining.

Ansvarsområdet er vidareutvikling av regionen næringsmessig, sosialt og kulturelt.

Rådet er samansett av ordførarane i samarbeidskommunane og der

rådmenn/administrasjonssjefar og dagleg leiar i Nordhordland Utviklingsselskap IKS har møte og talerett.

Det er utarbeidd vedtekter for rådet (sjå vedlegg 1)

II: Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI)

Selskapet førar vidare den økonomiske og administrative verksemda til tidlegare Regionrådet Nordhordland IKS, og er organisert i samsvar med Lov om interkommunale selskap.

NUI er ei eigen juridisk eining, der representantskapet, som er samansett av ordførarane i eigarkommunane, er øvste organ. Styret er på 3 medlemar og er sett saman av rådmenn, administrasjonssjefar og ass. rådmenn frå eigarkommunane.

Det er utarbeidd selskapsavtale for NUI. (sjå vedlegg 2)

2. Kommunestyret godkjenner:

”Vedtekter for Regionrådet Nordhordland” (RNH) og

”Selskapsavtale for Nordhordland Utviklingselskap IKS” (NUI), i samsvar med tilråding frå styret i Regionrådet i Nordhordland IKS i møte 28.08.09 sak 32/09.

3. Kommunestyret godkjenner at omorganiseringa av Regionrådet for Nordhordland IKS, vert gjort gjeldande frå 01. januar 2012.”

Behandling og vedtak i Kommunestyret, 12.11.2009:

Røysting:

Samrøystes.

Vedtak:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

Saknummer: 09/884
Løpenummer: 5235/09
Arkivkode: 033
Saksbehandlar: Kjell A. Reigstad

MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
49/09	Formannskapet	01.10.2009
56/09	Kommunestyret	12.11.2009

SKIPING AV PLANNEMND FOR EIVINDVIK BARNEHAGE

Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.

Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:

Sakstilfang:

Ikkje utsende vedlegg:

- K.sak 114/07 – Eivindvik barnehage
- Budsjett for Gulen kommune for 2009/10.

Saksutgreiing:

Det vert vist til vedtak i kommunestyret i Ksak.114/07:

1. *Eivindvik barnehage vert eit nybygg. Barnehagen vert lagt nær kommunehuset, gjerne i tilknytning til naturleikeplass. Viss dette ikkje er mogleg pga. areal, blir det nybygg nær skule.*
2. *Det vert sett av kr 2,5 mill. i 2009 og kr 2,5 mill. i 2010 til ny barnehage i Eivindvik.*

Kommunen har i tidlegare utbyggingssaker sett ned plannemnd med mandat til å arbeide fram arealramme og anbudsgrunnlag.

Tilrådinga frå administrasjonen er i tråd med tidlegare tilsvarande saker.

Framlegg til vedtak:

Til plannemnd for Eivindvik barnehage, vert følgjande personar valde:

- Varaordfører (leiar)
- Leiar hovudutval for oppvekst
- Rådgjevar utvikling (sekretær)
- Styrar
- 1 representant for tilsette
- 1 representant for foreldre

Rådgjevar utvikling utarbeider planskisser og anbudsgrunnlag i samråd med plannemnda.

Behandling og vedtak i Formannskapet, 01.10.2009:

Nye framlegg:

Tillegg frå Brosvik (Krf):

Plannemnda knyter til seg ergoterapi-kompetanse.

Røysting:

Samrøystes.

Vedtak:

Til plannemnd for Eivindvik barnehage, vert følgjande personar valde:

- Varaordførar (leiar)
- Leiar hovudutval for oppvekst
- Rådgjevar utvikling (sekretær)
- Styrar
- 1 representant for tilsette
- 1 representant for foreldre

Rådgjevar utvikling utarbeider planskisser og anbodsgrunnlag i samråd med plannemnda.

Plannemnda knyter til seg ergoterapi-kompetanse

Behandling og vedtak i Kommunestyret, 12.11.2009:

Røysting:

Samrøystes.

Vedtak:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

Saknummer: 08/1085
Løpenummer: 5236/09
Arkivkode: 001
Saksbehandlar: Anne-Karin Misje

MØTEBOK **Gulen kommune**

Saknummer	Utval	Møtedato
59/08	Formannskapet	16.10.2008
54/09	Formannskapet	29.10.2009
57/09	Kommunestyret	12.11.2009

NEMNDA FOR BEFOLKNINGSAUKE

Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.

Særutskrift sendt til:

- Medlemmar av Nemnda for befolkningsauke i Gulen v/leiar og sekretær

Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:

Sakstilfang:

Utsende vedlegg:

- Handlingsplan for befolkningsauke i Gulen kommune
- Rapport frå Nemnda for befolkningsauke

Ikkje utsende vedlegg:

- Kommunestyresak K-49/08
- Skriv og meldingssak nr. 21, Formannskapsmøte 11/6/09

Saksutgreiing:

Med utgangspunkt i Kommunestyresak K-49/08 vart det nedsett ein nemnd for å auke folketalet i Gulen kommune. Nemnda vart gjeve det mandat at dei skulle utforme eit strategidokument med utvalde satsingsområdar, med tilhøyrande tiltak.

Nemnda har hatt tre møter der ein drøfta fem satsingsområdar med tilhøyrande tiltak, som vart nedfelt i handlingsplanen. Rapport for arbeidet i nemnda og "Handlingsplan for befolkningsauke i Gulen kommune" vart sendt Formannskapet som skriv og meldingssak i Formannskapsmøte 11/06/09 (Skriv og meldingssak nr. 21).

Handlingsplanen inneheld ei rekke tiltak som krev at det vert sett av ressursar for å realisere dei. Nemnda understrekar at det for å jobbe systematisk med fråflyttingsproblematikken er behov for ein eigen prosjektstilling. Formannskapet/ Kommunestyret må vurdere om ein ynskjer å prioritere arbeidet ved å løyve midlar til arbeidet.

Andre tiltak i handlingsplanen krev samarbeid mellom ordførar, rådmann, einingsleiarar og skular. Dersom ein ynskjer at det skal arbeidast med desse tiltaka må Formannskapet/ Kommunestyret vedta at ein ynskjer at desse skal prioritere tid til dette.

I tillegg må ein pårekne eit budsjett for å utvikle gode informasjonsprodukt, samt for å innhente kompetanse på merkevarebygging, omdømmebygging og profilering. Tiltaka må

kostnadsreknast og justerast i høve tiltak i den nye kommunedelplanen. Det må også utarbeidast eit ansvarskart som syner kven som skal ha ansvar for dei ulike tiltaka. *Nemnda understrekar at handlingsplanen er eit heilskapleg dokument der tiltaka i sum vil motverke befolkningsnedgangen. Ein tilrår difor ikkje at berre delar av strategiane vert sett i verk, men at ein jobbar heilskapleg og sett i verk tiltak på alle dei felta som er skildra i handlingsplanen.*

Administrasjonen meiner det er ynskjeleg å sjå satsinga i samanheng med andre utviklingstiltak i kommunen. Om ein ønskjer å setje i verk nokre av tiltaka i handlingsplanen, bør desse kostnadsreknast, og utgiftene innarbeidast i økonomiplanen som nye tiltak.

Framlegg til vedtak:

”Handlingsplanen for befolkningsauke i Gulen kommune” vert drøfta i samband med rullering av handlingsdelen i kommuneplanen sin samfunnsdel (neste formannskapsmøte), for å sjå satsinga i samanheng med andre utviklingstiltak i kommunen.

Behandling og vedtak i Formannskapet, 29.10.2009:

Røysting:

Samrøystes.

Vedtak:

”Handlingsplanen for befolkningsauke i Gulen kommune” vert drøfta i samband med rullering av handlingsdelen i kommuneplanen sin samfunnsdel (neste formannskapsmøte), for å sjå satsinga i samanheng med andre utviklingstiltak i kommunen.

Behandling og vedtak i Kommunestyret, 12.11.2009:

Røysting:

Samrøystes.

Vedtak:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

Saknummer: 09/992
Løpenummer: 5237/09
Arkivkode: 153
Saksbehandlar: Martin W. Kulild

MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
58/09	Kommunestyret	12.11.2009

DRIFTSRAPPORT PR 3. KVARTAL 2009

Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.

Særutskrift sendt til:

-

Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:

Sakstilfang:

Ikkje utsende vedlegg:

- Rapportar frå tenesteeiningane

Saksutgreiing:

Driftsrapportar pr 30.09.09 er no kome inn frå nesten alle tenesteeiningane. Utifrå desse, og ein gjennomgang av økonomi- og personaldata for heile kommunen, vil administrasjonen rapportere slik status for drifta pr 30.09.09:

Økonomi:

Løn: Vi har brukt kr 60,3 mill. i *fast løn* til og med september, som utgjer 69,5% av budsjettet. I fjor hadde vi på same tid brukt kr 56,6 mill., som utgjorde 70,8% av rekneskapstala i fjor. Dei samla lønsutgiftene pr. 30.09.09 ligg på kr 87,8 mill., som utgjer 69% av budsjettet og kr 3,3 mill. (3,9%) høgare enn på same tid i fjor. I høve til eit "normalforbruk" på 9% kvar av dei fem første månadene i året, -0,4% i juni og 9,2% dei neste månadane, ligg lønsutgiftene framleis innafor budsjetterammene.

Skatt og rammeoverføringar: Ikkje noko nytt å melde i høve rapport pr 30.06.

Personal:

Det er framleis utfordringar med å fyllje fagstillingar med kvalifisert personell innafor barnehage og omsorgstenestene. Like eins er det store utfordringar knytt til å rekruttere nok vikarar med rett erfaring/kompetanse. Mange av einingane rapporterer framleis at dei har fokus på sjukefråver og arbeidar mykje med desse utfordringane. På skulane har dei mange som er under vidareutdanning, og dette skapar utfordringar knytt til å skaffe vikarar. Frå mange av leiarane vert det meldt om at mykje tid går med til å administrere og planlegge dagleg drift knytt til fråver.

Oppgaveløysing:

Det kan meldas at vi er i rute med ordinært bygningsvedlikehald, men grunna kapasitetsproblem ligg vi noko etter med skulepakkane. Arbeid knytt til ENØK ligg etter planlagd framdrift, og må evt prioriterast seinare. Midlar planlagt nytta på vegvedlikehald er i hovudsak nytta i tråd med plan.

Frå rådmannsavdelinga kan det meldast om høg aktivitet, men kapasiteten er ikkje tilstrekkeleg til å holde tritt med oppgåvene. Det kan derfor meldast at vi ligg etter med mellom anna rulling av reglement, saksførebuing, samarbeidsmøte med alle einingane og økonomiske vurderingar/internkontroll.

Avsluttande kommentarar:

På trass av alle utfordringane er det viktig å merke seg at sjukefråveret synar ei positiv utvikling for kommunen sett under ett. Dette kan tilskrivast eit godt samarbeid mellom tillitsvalde, NAV Arbeidslivsenteret og administrasjonen i Gulen kommune. På sikt er det å håpe at dette arbeidet vil frigjere nokre resurser til turvande oppgaver.

Framlegg til vedtak:

Saka vert teken til orientering.

Behandling og vedtak i Kommunestyret, 12.11.2009:

Røysting:

Samrøystes.

Vedtak:

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

Saknummer: 09/994
Løpenummer: 5238/09
Arkivkode: 153
Saksbehandlar: Harald Haugejorden

MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
59/09	Kommunestyret	12.11.2009

REGULERING AV DRIFTSBUDSJETTET NR 2/09 - YMSE TENESTER

Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.

Særutskrift sendt til:

- Skatt- og rekneskapsavdelinga, her (for budsjettregulering)

Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:

Sakstilfang:

Utsende vedlegg:

- Skjema: Korrigeringar i budsjettet
- Utdrag frå KOSTRA-rettleiar 2009, s. 15

Ikkje utsende vedlegg:

- Budsjettet for 2009/økonomiplan for 2009-2012

Saksutgreiing:

100 Rådmannen

Regulering innafor 12052 IKT skuldast utviding og auka linjeleige til Førde, nytt abonnement i det gamle kommunehuset og ny KOSTRA-standard for skilje mellom srviceavtale og abonnement.

Regulering innafor 39000 Kyrkja gjeld eigendel av forsikringsutbetaling i samband med lynnedslag i Mjømna kyrkje.

355 NAV

Nytt verkemiddel.

360 Barnevern

Frå einingsleiar:

"Teneste 25100 og 25200, konto 10509 – Anna lønn.

Er barnevernstiltak i og utanfor familien, her har me langt fleire tiltak enn budsjettert. Desse postane har ein regulert.

Teneste 24400, konto 11500 opplæring kurs er auka med kr 3000,.Dette er for at Bufetat og fylkesmannen er komen med ei kurspakke til kompetanseheving i den kommunale barneverntenesta. Her er ei kurspakke som gjenstår.

Teneste 25200 – 10505 – Fosterheimgodtgjersle vil ikkje bli så høg som budsjettert, medan

konto 13000, har auka mykje. Dette kjem av at me kjøper eit tiltak hjå Bufetat, og

ungdomsfamiliane. Konto 17000, refusjon frå staten, er auka noko, og etter september vil det

ikkje vere aktivitet på denne kontoen. Konto 13300 – kjøp frå fylkeskommunen er tatt vekk, då dette tilbodet går via staten no. Konto 13500 – kjøp av tenester frå kommunar, i sakene som går per no, er det ingen fleire kjøp frå kommunar. Dette kan endre seg på sikt."

Premieavvik

Premieavvik er differansen mellom betalt pensjonspremie til KLP/SPK og utrekna kostnad ved pensjonspremie eit særskild år. Gulen kommune regulerer denne ulikskapen med fond, slik at verknaden i rekneskapen vert nøytralisert. Summane for teneste 17000 og 17100 er no klare, og bør inn i budsjettet.

Saldering

Tilrådinga går ut på å nytte kr 50 000 av LRA-inntekter i 2009 for å dekkje underbalanse i reguleringssaka, og ytterlegare kr 228 800 for å dekkje ynskjeleg administrativ regulering etter punkt 3. i framlegget.

Framlegg til vedtak:

1. Driftsbudsjettet for 2009 vert å regulere slik:

Konto	Tekst	Ansvar	Teneste	St/P	Budsj.endring	Ny budsjettsum	Opph. budsjett
	<i>100 Rådmannen</i>						
11304	Datakommunikasjon/Internett	100	12052		67 300	207 300	140 000
11950	Avgifter, gebyr, lisensar	100	12052		-132 300	47 700	180 000
12400	Serviceavtalar, reparasjonar.....	100	12052		65 000	65 000	0
	Kopimaskin?						
14700	Overføring til andre (private)	100	39000		100 000	1 495 000	1 300 000
17300	Refusjon frå fylkeskommunar	100	10000		-50 000	-50 000	0
	<i>355 NAV</i>						
10892	Kvalifiseringsstønad	355	27600		94 800	94 800	0
17000	Refusjon frå staten	355	27600		-94 800	-94 800	0
	<i>360 Barnevern</i>						
11500	Opplæring, kurs	360	24400		3 000	13 000	
10509	Anna løn	360	25100		40 000	120 000	
13300	Kjøp av tenester frå fylkeskomm.	360	25100		-5 000	0	
10505	Fosterheimsgodtgjerse	360	25200		-100 000	650 000	
13000	Kjøp av tenester frå staten	360	25200		180 000	210 000	
13300	Kjøp av tenester frå fylkeskomm.	360	25200		-10 000	0	
13500	Kjøp av tenester frå kommunar	360	25200		-23 000	7 000	
14700	Overføringar til andre (private)	360	25200		-35 000	25 000	
17000	Refusjon frå staten	360	25200		-50 000	-140 000	
	<i>Premieavvik</i>						
10908	Premieavvik KLP	900	17000		-905 000	-905 000	0
10909	Premieavvik SPK	900	17000		173 000	173 000	0
10998	Arbeidsgjevaravgift av premieavvik KLP	900	17000		-95 000	-95 000	0
10999	Arbeidsgjevaravgift av premieavvik SPK	900	17000		18 000	18 000	0
15500	Avsetting til bunde fornd	900	17000		809 000	809 000	0
10908	Premieavvik KLP	900	17100		2 891 900	2 891 900	0
10909	Premieavvik SPK	900	17100		-452 200	-452 200	0
10998	Arbeidsgjevaravgift av premieavvik KLP	900	17100		306 500	306 500	0
10999	Arbeidsgjevaravgift av premieavvik SPK	900	17100		-47 900	-47 900	0
19500	Bruk av bunde fond	900	17100		-2 698 300	-2 698 300	0
	<i>Saldering</i>						
15509	Avsetting til andre bundne fond	900	32000		-50 000		
					0		

2. Administrasjonen får delegert fullmakt til å budsjettregulere teneste 19000 Interne serviceeiningar mot teneste 12100 Forvaltningsutgifter i eigedomsforvaltninga på grunnlag av nye KOSTRA-reglar.
3. Administrasjonen får delegert fullmakt til å budsjettregulere Interne postar i høve til vedlagte sakstilfang, og redusere konto 15509.900.32000 Avsetting til andre bundne fond (LRA) med inntil kr 228 800 for å få naudsynt inndekking.

Behandling og vedtak i Kommunestyret, 12.11.2009:

Røysting:

Samrøystes.

Vedtak:

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

Saknummer: 09/995
Løpenummer: 5239/09
Arkivkode: 251
Saksbehandlar: Hege-Beth Brosvik

MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
60/09	Kommunestyret	12.11.2009

SAMANSLÅING AV LÅN - HUSBANKEN

Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.

Særutskrift sendt til:

- Skatt- og rekneskapsavdelinga, her
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger

Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:

Sakstilfang:

Ikkje utsende vedlegg:

- Kommunelova
- Økonomi- og finansreglementet for Gulen kommune

Saksutgreiing:


Gulen kommune har pr i dag 10 lån frå Husbanken som alle er formidlingslån, dvs. startlån, tidlegare etableringslån og utbetingslån, med ei samla restgjeld på kr 7,1 mill. For å forenkle administrasjonen av desse låna og samtidig få ei betre styring med framtidige renter og avdrag, er det ønskjeleg å samle dei i eitt nytt felleslån.

I flg kommunelova §50 pkt. 2 kan kommunar ta opp lån for å konvertere eldre lånegjeld. Pkt. 9 seier at vedtak om å ta opp lån skal sendast til departementet til orientering.

Husbanken sine vilkår til det nye lånet er:

- ingen avdragsfri periode
- nedbetalingstida skal maksimalt vere lik gjennomsnitt av noverande lån, dvs 15 år
- flytande rente
- det nye lånet kan ikkje delast opp att, og historikken ved dei opprinnelege låneopptaka går tapt.

Ved samanlikning av noverande nedbetalingsplan og ny nedbetalingsplan for dei neste 15 åra kjem vi ut med følgjande forskjellar:



Den nye nedbetalingsplanen vil føre til lågare avdrag dei første 8 åra, opptil ca kr 100.000 mindre enn vi betalar i dag, og deretter ein del høgare avdrag dei siste 7 åra, opptil ca kr 320.000 meir enn noverande plan tilseier.

Årlege rentekostnadar i denne 15 års perioden vil ikkje verte påverka i stor grad av samanslåinga. Ved 3 % rente får ein litt høgare rentekostnad dei fleste åra, men berre opp til ca kr 20.000 meir enn før, mot slutten får ein lågare renter. Ved 8 % rente får ein opptil kr 55.000 meir i årleg rentekostnad etter 8-9 år, og deretter kr 40-65.000 mindre enn noverande plan i dei siste 2 åra.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret gjer administrasjonen fullmakt til å slå saman låna i Husbanken med inntil kr 7.162.130.

Behandling og vedtak i Kommunestyret, 12.11.2009:

Røysting:

Samrøystes.

Vedtak:

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

Saknummer: 09/679
Løpenummer: 5240/09
Arkivkode: M12 &58
Saksbehandlar: Torleif Sundbotten

MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
61/09	Kommunestyret	12.11.2009

VASSFORSYNING SLØVÅG - OVERVAKING

Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.

Særutskrift sendt til:

Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:

Sakstilfang:

Utsende vedlegg:

- Systemskisse einvegs kommunikasjon og tovegs kommunikasjon (Teksal).

Ikkje utsende vedlegg:

- Tilbudsdokument
- Innkomne tilbud

Saksutgreiing:

Administrasjonen har henta inn tilbud på system for overvaking av vassforsyninga på strekninga Hovden – Sløvåg.

Tilbudet omfattar fjernavlesing av vassmålarar som er montert på hovudleidning frå høgdebasseng på Hovden og fram til Sløvåg (v/ J. Birkeland), totalt 5 stk.

Det vart sendt ut førespurnad til totalt 6 ulike firma, der det vart spurd om to alternative løysingar; einvegs kommunikasjon (berre avlesing) og tovegs kommunikasjon (avlesing og muligheit for fjernstyring av t.d. ventilar). Det kom inn 2 tilbud innan tilbudsfrist.

Begge tilbydarane har gode referansar for tilsvarande anlegg i Hordaland.

Leveringstid ca. 6 veker etter bestilling.

Tilbudsprisane vi fekk inn varierar mellom kr. 114' og kr. 266' eks. mva. avhengig av type system. I tillegg kjem kostnadar med radiomaster, oppgradering av vassmålarar etc.

Dersom ein tek utgangspunkt i dei rimelegaste tilboda vert kostnad:

	Einvegs kommunikasjon:	Tovegs kommunikasjon:
Basispris:	Kr. 114 000,-	Kr. 204 000,-

Master / div. utstyr:	Kr. 10 000,-	Kr. 10 000,-
Vassmålarar høgdebass. inkl. montering:	Kr. 43 300,-	Kr. 43 300,-
Ekstra kum Sløvåg inkl. ein målar:	Kr. 93 000,-	Kr. 93 000,-
Montering master / etc.:	Kr. 10 000,-	Kr. 10 000,-
Administrasjon:	Kr. 32 000,-	Kr. 32 000,-
Uførutsett / div:	Kr. 50 000,-	Kr. 50 000,-
Sum Investering:	Kr. 352 300,-	Kr. 442 300,-

Kostnad med utviding til ekstra punkt: kr. 13 500,- (kun avlesing).
 Kostnad med utviding til ekstra punkt: kr. 20 500,- (avlesing og styring).
 I tillegg kjem kostnad med aktuatorar, sensorar og installasjon.
 Årlege driftskostnadar (lisensar, batteri etc.) kr. 15 000,-
 Alle kostnadar er eks. mva.

Bakgrunn:

Vassforsyning Sløvåg får vatn frå Masfjorden (Andvik), og det er avtalt at Gulen kommune skal få levert inntil 150m³ pr. døgn. Sidan 2002 er det registrert eit snittforbruk på ca. 90m³ pr. døgn, der om lag 45% går til industriområdet på Sløvåg og det resterande til private abonnentar / landbruk på Hovden bustadfelt, Eidsbotn og Halsvik.

Utfordringar med vassforsyninga er først og fremst:

- 1) Lengre periodar utan regn: På grunn av større uttak av vatn på Masfjordsida fell trykket i vassleidningen og leveringskapasiteten vert mindre enn normalforbruket. Samtidig aukar forbruk hos private / landbruk her i Gulen (vatning etc.). Dermed fell nivået i høgdebasseng på Hovden raskt, noko som m.a. er kritisk for brannberedskap. Ein har per i dag fjernavlesing og vakt-alarm ved lågt nivå på høgdebasseng i Hovden, men denne er svært unøyaktig.
- 2) Lekkasjar på leidningsnett: Det er rutinar for avlesing av vassmålarar med 2-3 veker mellomrom langs hovudnettet. Dermed kan det gå tre veker innan ein oppdagar større lekkasjar. Ved lekkasjar er det viktig at desse vert lokalisert så presist som mogeleg i ein tidleg fase.
- 3) Dimensjonar på vassmålarar: For å unngå trykktap i leidningsnett, er samtlege vassmålarar langs hovudnett DN150, mens riktig dimensjon ut i frå dagens leveringsmengd ville vere DN50-80, noko som fører til at vassmålarane er unøyaktige. Dette gjeld spesielt i Sløvåg, der avlese "forbruk" no ligg ca. 15% over det som er "levert" inn på nettet.
- 4) Tidsbruk avlesing av målarar: Det tek i dag ca. ein halv dag å lese av målarane langs hovudleidningen, i tillegg kjem køyrekostnad. I periodar med dårleg leveringskapasitet må frekvensen på avlesing aukast til fleire gonger i veka for ha kontroll over vassforbruket og gjere tiltak overfor abonnentar som tek ut for mykje vatn. Dette er svært ressurskrevjande, og skapar spesielt utfordringar i samband med feriar.

Dersom ein skal oppretthalde ein god driftssikkerheit på vassforsyninga er god overvaking av forbruk/lekkasjar ein føresetnad.

Vurdering av løysingar:

Løysingane som har vore vurdert er å montere utstyr for fjernavlesing av vassmålarane. Dette baserer seg på radio- eller GPRS-sendarar montert på kummar, og sender avlest verdi frå vassmålar til ein server. Forbruket kan då lesast av via kontor- eller heime-pc.

I hovudsak er det to typar system me har fått inn tilbod på:

- Einvegs kommunikasjon: Her vert info. frå vassmålarane registrert t.d. 4 ggr. pr døgn og ein kan hente ut rapport over målarstand, trend etc. Dette systemet er rimelegare i innkjøp enn tovegs kommunikasjon, men kostnadane med seinare utbygging vert større då systemet er berekna for kun avlesing av vassmålalar og dermed mindre eigna dersom ein skal nytte det for fleire anlegg / andre oppgåver.
- Tovegs kommunikasjon: Registrering av info. frå vassmålar og i tillegg mulighet for styring av ventilar, pumper etc. Investeringskostnad ca. dobbel så stor som ved einvegs kommunikasjon men fleksibel og same plattform (Citec) kan nyttast for andre anlegg i kommunen, t.d. vassverk, pumpestasjonar, bygg etc.

Kostnad med utviding av ekstra målepunkt og drift er tilnærma lik for begge typar system. Sjå elles vedlagte systemskisser.

Samla sett vil eit system basert på tovegs kommunikasjon vere den mest fleksible løysinga, spesielt med tanke på framtidig utbygging.

Finansiering:

Det står pr. i dag att kr. 546' på Bundne investeringsfond (25599700, spes 3604). Dette er midlar som vart løyvt men ikkje nytta i samband med utbygginga av prosjektet "vassforsyning Sløvåg". Administrasjonen føreslår at det vert nytta av desse midlane til å finansiere overvakingssystemet.

Framlegg til vedtak:

1. Administrasjonen får fullmakt til å gjennomføre tiltaket med innkjøp og utbygging av overvakingssystem for vassforsyning Sløvåg, med ei kostnadsramme på inntil kr. 544.800,- inkludert mva.
2. Kostnad / finansiering:

Konto	Tekst	Ansv	Teneste	Pr	Budsj.endring	Ny budsjettsum
	Vassf. Sløvåg – Overvaking					
02000	Inventar og utstyr	900	34500	xxx	410 300	410 300
04290	Meirverdiavgift utafor mva.- omr.	900	34500	xxx	102 500	102 500
00701	Bruk av eige personale	900	34500	xxx	25 000	25 000
00901	Pensjonsinnsk. og tr. pl. fors.	900	34500	xxx	3 900	3 900
00990	Arbeidsgiveravg.	900	34500	xxx	3 100	3 100
09500	Bruk av bundne inv. fond	900	34500	xxx	-544 800	-544 800

3. Årlege driftskostnadar for systemet vert å dekke over det ordinære driftsbudsjettet for vassforsyning.

Behandling og vedtak i Kommunestyret, 12.11.2009:

Røysting:

Samrøystes.

Vedtak:

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

Saknummer: 09/1001
Løpenummer: 5241/09
Arkivkode: 614 A2
Saksbehandlar: Kari Brekken

MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
62/09	Kommunestyret	12.11.2009

GODKJENNING AV SKULEPAKKE-PROSJEKT

Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.

Særutskrift sendt til:

- Husbanken, som vedlegg til prosjektsøknad
- Einingsleiar DV.

Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:

Sakstilfang:

Ikkje utsende vedlegg:

- Retningslinjer om kompensasjon for utgifter til renter til investeringar i skoleanlegg ("Skulepakka" 2002 – 2009)
- Notat/oversyn frå Drift- og vedlikehaldsavdelinga, dat. 05.11.09

Saksutgreiing:

Gulen kommune har enno ikkje nytta heile den tildelte investeringsramma for Skulepakke 2002 – 2009. Prosjekt som skal komme inn under denne ordninga, må vere ferdigstilt og godkjende av revisor før 31.12.09.

I K-sakene 42 – 45/09 godkjende kommunestyret prosjekt som var gjennomførte til og med august 2009. Desse er no godkjende i husbanken, og vi har då att kr. 6.144.000 av investeringsramma.

I denne saka vert arbeid som er – eller er planlagt - utført i haust, lagt fram for godkjenning. Saka omhandlar godkjenning av 4 prosjekt; eitt for kvar skule. Samla sum for desse er kr. 820 000. Summen er innafør det som ligg i budsjett 2009.

Tiltaka gjeld:

1. Brekke barnehage og skule: Kr. 50 000
Utbetring av jente-toalett, ungdomsskuledelen
2. Byrknes barnehage og skule: Kr. 380 000
Yttervegg, læraravd.
3. Dalsøyra skule: Kr. 210 000
Ny dør/rømmingsveg, gymsal

Garderobar
Utvendig maling

4. Eivindvik skule: Kr. 180 000
Rest, yttervegg/tak
Utvendig maling
Skifte av vindauge

Framlegg til vedtak:

1. Vedlikehaldsprosjekt ved Brekke barnehage og skule gjennomført i tidsrommet 01.08.09 – 31.12.09 med ein samla kostnad på kr. 50.000 vert godkjent.
2. Vedlikehaldsprosjekt ved Byrknes barnehage og skule gjennomført i tidsrommet 01.08.09 – 31.12.09 med ein samla kostnad på kr. 380 000 vert godkjent.
3. Vedlikehaldsprosjekt ved Dalsøyra skule gjennomført i tidsrommet 01.08.09 – 31.12.09 med ein samla kostnad på kr. 210 000 vert godkjent.
4. Vedlikehaldsprosjekt ved Eivindvik skule gjennomført i tidsrommet 01.08.09 – 31.12.09 med ein samla kostnad på kr. 180 000 vert godkjent.
5. Det vert å søkje Husbanken om godkjenning av prosjekta som del av investeringsramma i Skolepakken 2002 – 2009.

Behandling og vedtak i Kommunestyret, 12.11.2009:

Røysting:

Samrøystes.

Vedtak:

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

Saknummer: 09/422
Løpenummer: 5242/09
Arkivkode: 153
Saksbehandlar: Hege-Beth Brosvik

MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
63/09	Kommunestyret	12.11.2009

REGULERING AV INVESTERINGSBUDSJETTET NR 1/09

Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.

Særutskrift sendt til:

- Skatt og rekneskapsavdelinga, her (for budsjettregulering)

Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:

Sakstilfang:

Ikkje utsende vedlegg:

- K. sak 28/09 - Godkjenning av rekneskapen 2008 for Gulen kommune

Saksutgreiing:

Rekneskapen for 2008 synte eit meirforbruk i investeringsrekneskapen på kr. 280.519. I denne reguleringa vert dette inndecka i 2009-budsjettet gjennom bruk av lån.

Det er ikkje teke nokon grundig gjennomgang av investeringsbudsjettet i denne omgangen. Dette må ein eventuelt kome attende til i seinare sak.

Nokre små justeringar vert likevel gjennomført no:

- Innføring av fagprogram for sosialtenesta (Socio) og teknisk tilkopling mellom NAV og kommunen er no eit avslutta prosjekt. Manglande budsjett vert dermed regulert inn mot IKT-investering adm som inneheld midlar til fordeling.
- Avdraga kommunen betaler til Husbanken for Startlån har auka meir enn føresett. Dette kjem av opptak av to nye lån i 2009 utan avdragsfritak og kortare nedbetalingstid enn tidlegare låneopptak.

Framlegg til vedtak:

Investeringsbudsjettet for 2009 vert å regulere slik:

Konto	Tekst	Ansvar	Teneste	Prosj	Budsj.endring	Ny budsjettsum
	IKT-investering adm					
02000	Inventar og utstyr	900	12052	110	-85 600	814 400
04290	Meirverdiavg. utanfor mva-lova (kompensasjon)	900	12052	110	-21 400	78 600

09100	Bruk av lån - inv.rekneskapet	900	12052	110	107 000	-393 000
	IKT-investering Socio					
02000	Inventar og utstyr	900	24250	131	100 500	181 500
04290	Meirverdiavg. utanfor mva-lova (kompensasjon)	900	24250	131	25 500	45 500
07000	Refusjon frå staten	900	24250	131	-19 000	-19 000
09100	Bruk av lån - inv.rekneskapet	900	24250	131	-107 000	-158 000
	Utlån husbankmidlar					
05100	Avdragsutgifter	900	28320	700	77 000	442 000
09500	Bruk av bundne fond	900	28320	700	-77 000	-77 000
	Inndekking av underskot i investering:					
05300	Dekking av tidl. års rekneskapsmessige meirforbruk	900	89900	323	109 100	109 100
09100	Bruk av lån	900	34500	323	-109 100	-109 100
05300	Dekking av tidl. års rekneskapsmessige meirforbruk	900	89900	510	32 900	32 900
09100	Bruk av lån	900	13000	510	-32 900	-32 900
05300	Dekking av tidl. års rekneskapsmessige meirforbruk	900	89900	523	60 800	60 800
09100	Bruk av lån	900	26500	523	-60 800	-60 800
05300	Dekking av tidl. års rekneskapsmessige meirforbruk	900	89900	643	77 900	77 900
09100	Bruk av lån	900	31500	643	-77 900	-77 900

Behandling og vedtak i Kommunestyret, 12.11.2009:

Røysting:

Samrøystes.

Vedtak:

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vert godkjent.